

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 3
JUNI 2017
ÅRGANG 40



FITJAR KYRKJE
150 ÅR





DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tyrsdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00
onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825
olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Fríðleif 471 76 743
frly@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspeagog:

Fyllingen, Silje 456 11 480
sfyl@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972
Brenne, Birgitte 971 29 569
bibr@fitjar.kommune.no

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet
(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Redaksjonelt



Kom!

Mai måned er over i kyrkja. Vi er mange som pustar letta ut. Dei mange tinga som skulle gjerast er gjorde. Konfirmasjons-gudstenester og festar, dåp, trusopp-læringstiltak med 4. og 5. klassingar. Born frå alle barnehagane og elevar frå alle skulane, har vore i kyrkja. Skode-spelarar frå Sunnhordland museum synte spelet om Katarina, Luther og reforma-sjonen for alle elevane. Etterpå gjekk borna og ungdommane frå djupaste kjellaren til høgaste tårn. Alt gjekk vel. Til og med veret var godt. Det gjorde at heile denne flokken kunne få mat ute og eta på kyrkjetrappa.



Olav J. Oma

Det var 17. mai gudsteneste med Osternes mannskor, Gospel-gudsteneste med Bremnes kantori og Bømlø gospel, og heilt til sist i mai historisk gudsteneste. Den siste med klede og liturgi frå gamledagar.

Vi håpar at borna og ungdommane, både dei som var her med skulane og barnehagane, og dei som fullførte konfirmasjonstida si fekk gode opplevingar i kyrkja. Vi håpar at menneska som var samla i dåp, dei som var på gudsteneste, i gravferd eller viglsle, at dei kjenner at det er godt å koma og vera i kyrkja vår.

Det skal det vera, fordi han som vi trur på, han som samlar oss i kyrkja, han har rom for oss. Det handlar det også om for oss som pustar letta ut, om vi er her ofte eller sjeldnare. Vit dette! Du er velkomen, du høyrer til, og han som samlar oss, Jesus, seier framleis: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!»



Foto: Torbjørn Hovland

Bøn er viktig

Bøn er ein av berebjelkane i det kristne arbeidet. Vi ber i gudstenester, vigslar, gravferd etc. Bøn er viktig i heim og kyrkje. Den daglege kontakten med Gud som bøna gjev er trusstyrkjande.

Friðleif Lydersen

Vi veit at det sit menneske rundt omkring og bed for arbeidet i kyrkjelyden og den verdsvide kyrkje. Vi ønskjer å utfordra enda fleire å be for arbeidet lokalt og globalt. Vi har difor laga ein bønneplan med fire bønneemne kvar dag i veka.

Måndag

1. Kyrkjelyden
2. Ulønna medarbeidarar
3. Sjømannskyrkja - Den norske kyrkja i utlandet
4. Det administrative arbeidet

Tysdag

1. Lønna medarbeidarar
2. Den verdsvide kristne kyrkje
3. Konfirmantarbeidet og skulane i soknet
4. Trusopplæringsarbeidet

Onsdag

1. Fellesrådet
2. Ungdomsarbeidet
3. Kyrkjemusikalske arbeidet/ kyrkjekoret
4. Diakoniarbeidet

Torsdag

1. Soknerådet
2. Temakveldsarbeidet
3. Kveldsbønnearbeidet
4. Bedehusa

Fredag

1. Prosten i Sunnhordland
2. Kyrkjelydens misjonsprosjektet i Mali
3. Fitjar sokneråds barnehage og dei andre barnehagane i soknet
4. Misjonsforeiningar

Laurdag

1. Biskopen i Bjørgvin
2. Kyrkjebladsarbeidet
3. Fitjar sokn sine samarbeidspartnarar
4. Anna kristeleg arbeid

Søndag

1. Den norske kyrkje
2. Gudstenestearbeidet
3. Undervisningsarbeidet
4. Nemnder og utval

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset
Postboks 10, 5418 Fitjar

Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)
Friðleif Lydersen
Karvel Strømme
Anne Hardeland
Rolf-Atle Rolfsnes
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 8. sept. til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 20. sept. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS



Foto: Anne Hardeland



Historisk gudsteneste



*Vi er et folk på vandring.
Når veien blir slitsom og lang,
vi søker en eng og en kilde,
et fristed for bønn og sang.*

*Vi er et folk på vandring.
I uro, bekymring og nød,*

*da søker vi styrke og stillhet,
og samles om vin og brød.*

*Vi er et folk på vandring.
I tro kan vi skimte iblant
et hjem for hver søkende pilgrim,
det salige livets land.*

T 1981 Britt G. Hallqvist - O 1982 Eyvind Skeie - M 1981 Egil Hovland





Utstilling



Foto: Torbjørn Hovland

Olav J. Oma

Per Johan Vestbøstad, Harald Westerheim og Herman Inge Aadland, fann fram mange av skattane vi har i kyrkja og viste dei fram for kyrkjelyden torsdag 6. april. Det vart jubileumsforedrag frå preikestolen frå gamle kyrkja, og framvising av historiske bilete, bøker og klede.

Frå hausten vert mange av gjenstandane frå gamle-kyrkja å finna på galleriet, slik som preikestol, døypefont, prestekjole m.m.

Temakveld med kulturpris



Foto: Torbjørn Hovland

Det vart ikkje ein heilt «vanleg» temakveld i kyrkja i kveld, torsdag 27. april. Så er det heller ikkje vanleg at kulturprisvinnarane får utdelt prisen på sin eigen «arena».

Karvel Strømme

Det er nemleg i kyrkja ho høyrer til, Temakveld-gruppa, som består av Hildegunn Aadland, Eli Simonsen, Benedicte Meyer og Anne Britt Tornes. I helsinga si omtala kultursjef Bente Bjelland desse fire kvinnene som viktige kulturformidlarar som har inspirert og gledd mange menneske, ikkje berre i Fitjar, men og folk frå nabokommunane som har oppdaga at her er det verkeleg kvalitet på tilboda. På denne måten driv gruppa eit arbeid som styrker kyrkja og skapar glede.

Ordførar Wenche Tislevoll gjorde greie for statuttane for kulturprisen, og talen hennar munna ut i at Temakveld-gruppa utan tvil både oppfyller krava og fortentar prisen. Ho gratulerte og overrekte prisen saman med vakre blomar og diplom til kvar einiskild i gruppa.

På vegne av heile gruppa tok så Eli Simonsen ordet: «Me er audmjuke, me takkar og me er stolte!»

Ho understreka at deira arbeid var meint å skulle vera eit supplement til alt det positive, store og flotte arbeidet som vert drive i Fitjar-kyrkja.

Heilt sidan 2002 har dei jamt over hatt 8 temakveldar i året, og gjennom foredrag, utstillingar og konsertar ønskjer dei å formidla ulike uttrykk for livet og trua til mennesket. Me skal i kyrkja få koma saman slik me er, og kyrkjehuset skal vera ope for alle, men tilboda våre skal ha ein tydeleg ståstad. Ho avslutta med å streka under at det var godt å få vita at arbeidet til gruppa blir sett pris på, og kulturprisen vil gje dei energi til å halda fram.

«Tusen, tusen takk!!»

Har du fri hals?

Den 27. april hadde temakveldgruppa invitert ein verkeleg tungvektar til kyrkja. Sylfest Lomheim (f.1945) er cand. philol, førsteamanuensis, professor og mykje anna.

Torbjørn Hovland

Han har vore statssekretær, direktør for språkrådet, språkkonsulent for Bibelselskapet og har delteke i eit utal radio- og fjernsynsprogram. Når det gjeld kjennskap til norsk språk, finst det truleg ikkje hans make. Hans uhøgtidelege og humørfylte form har gjort han populær i vide krinsar, også slike som tradisjonelt har stått nynorsken fjernt.

Temaet denne kvelden var opphavet til sentrale ord i kristendomen, og korleis ord og uttrykk frå Bibelen inngår i verdsleg daglegtale.

Då kristendomen kom til Noreg tok ein i bruk fleire eksisterande ord, men gav dei eit nytt innhald.

Frelse kjem av orda fri + hals. I førkristen tid var over 1/4 av innbyggjarane i landet træljar. Desse var rettslause, og kunne seljast, mishandlast eller avlivast. Når ein træl vart frigjeven, fekk han løyst lenkene og halsen fri. Med kristendomen fekk dette ordet eit nytt og andeleg innhald.

Helvete kjem frå Helheim i norrøn mytologi. Dette var i vikingtida ein grå og trist stad, i motsetnad til Valhall der det var etegilde og slåsting.

Ordet Gud har røter på Island, og tyder «Den som vert påkalla». Til samanlikning er det latinske og greske ordet for Gud Deus, avleidd frå Zevs, som tyder lyssøyle. Det hebraiske gudenamnet Jahve var forbode for vanlege menneske å uttale, og tyder «Du som er».

Før reformasjonen var kyrkjespråket latin, og biblar var ikkje allemannseige. Med reformasjonen vart det vesentleg at gudstenesta skulle vera på lokalt språk, og Bibelen vart både oversett til mange språk og gjort tilgjengeleg med den nye trykkekunsten. Slik påverka bibelske ord og uttrykk daglegtalen i større grad i protestantiske land enn i dei katolske.

Kreti og pleti stod i ei dansk bibelomsetjing for fleire hundre år sidan, og kom såleis inn i norsk språk utan å ha vore brukt i seinare norske biblar. Det tyder «kretarar og palestinarar» og vart nytta om nokre av kong David sine leigesoldatar. Det vart endeleg introdusert i ei norsk



omsetjing datert 2011, der me kan lesa om kretarane og pletarane.

Kjende boktitlar som Markens grøde og Øst for Eden er henta frå Bibelen, og Lasarus som vart vekt opp frå dei daude, har vore opphav til ord som lasarett og lasaron.

Me kjenner alle til syndfloda, men sjølv ordet var ein glipp basert på Martin Luther si bibelomsetjing. Han skreiv sintflut, tysk ord for kraftig regn. Men dette vart til syndflod i Norge. Det hebraiske ordet kan også omsetjast med storflaum.

Nazistane ropte «Heil Hitler». Ordet heil er det same som heilag, som tyder utan lyte og feil. Nasjonal Samling brukte uttrykket «Heil og sæl», det vil seie frisk og lukkeleg. Ei opphavleg flott og velmeinande helsing som vart øydelagt for all framtid.

Dette var berre nokre få døme på det språk-orakelet kunne fortelja oss om bakgrunnen for orda me høyrer i kyrkja, og avslutningsvis tok han til orde for at liturgisk språk skal vera enkelt, reint og utan moderne floskeluttrykk. Det sentrale må vera ord som til dømes håp, tru, liv, død, arbeid, elska og frelse.

Og så kom overraskinga til slutt; Sylfest greip gitaren og song for oss. Med stor innleving framførde han songar som «O bli hos meg», «Fager kveldsol smiler» og fleire andre.

Med ein kombinasjon av grenselaus kunnskap, stort engasjement og glimt i auget, vart det ein praktfull kveld for oss som var så heldige å få ta del i den. Nok ein gong stor takk til temakveldgruppa som gjev oss slike opplevingar.



Kyrkjevandring og kyrkjespel ...



I dagane 22. - 24. mai var dei fleste av borna i Fitjar kommune innom kyrkja. Spennande og kjekt var det, med skodespel og vandring. Ei rebusvandring der løysingsordet var Wittenberg, som var den byen der Martin Luther slo opp tesane som vart ei innleiing til reformasjonen.

Olav J. Oma

Nær 500 born var med, og mange frivillege medarbeidarar stilte opp saman med staben slik at vi fekk gjennomført samlingane over dei tre dagane. Ein stor takk til kvar og ein av dei.





... og pilgrimsvandring



Foto: Friðleif Lydersen

Olav J. Oma

Born i 4. og 5. klasse gjekk ei vandring frå kongsbrønnen til kyrkja. Dei møtte ulike bibelforteljingar, mellom anna Maria sin mann snekkaren Josef. Då hadde dei verkstad i kjellaren på bedehuset. Der laga dei dokkeseng, eller verktøyskrin og stylder. Dei slutta i kyrkja med mat og bøn.





Første rekke foran fra venstre:

Alice Rose Mehammer, Olav Johannes Oma,
Silje Helen Fyllingen, Fridleif Lydersen og
Olga Vestbøstad.

Andre rekke fra venstre:

Thea Træet, Anna Louisa Seddon,
Sunniva Seivåg-Hauge, Victoria Strand Korsnes,
Malin Vik, Iselin Gloppen Rimmereid,
Sofie Kotunan Hjelman, Silje Marie Særvold Kloster,
Mari Hatlevik, Caroline Victoria Høggøy Nilsen,
Lena Grimen, Brita Helen Larsen og
Berner Haukeland.

Foto: Per Egil Larsen



Tredje rekke frå venstre:

Martine Pedersen Korsvik, Josef Helland,
Deivid Daniel Kobanovs, Jone Nysæther,
Ole Koløen Lønning, Mats Olsen Vik,
Rebekka Hrafnsdottir Tverborgvik,
Celine Marie Borup, Marthe Nordbustad Koløen,
Tor Håkon Aarbø og Jens Grønås Bukkøy.

Fjerde rekke frå venstre:

Adrian Bod Fykse, Jakob Rolfsnes,
Nikolai Ahrens Halleråker, Leander Wilhelmsen Reigstad,
Jonas Torvund Midtsæter, Anders Koløen Lønning,
Kristian Træet, Johannes Sandvik, Jens Øien Kloster
og Kristoffer Arnold Koløen Hansen.



«Min båt er så sliten»



Andre påskedag var kyrkjelyden samla i verkstadhallen til Dåfjorden Slipp. Mellom stålvalsar, sveiseutstyr og truckar var det rigga til med stolar og eit rikholdig kakebord etter gudstenesta.

Torbjørn Hovland

Vertskapet Steinar Andersen og Arnhild Sørestrand – og svært mange sambygdingar – hadde gjort eit imponerande arbeid for å førebu det som vart ei minneverdig høgtid for over hundre fram møtte den fine vårdagen.

Skipsklokka på veteranskipet «Granvin» fungerte som kyrkjeklokke, og eit orkester med Silje Rydland som solist leia musikken. To velbrukte hjelmar fungerte som kollektbøsser, og alteret var for utstyrt med ei robust skrustikke.

Utanfor det improviserte kyrkjeskipet låg gamle, slitne båtar i hopetall. Der mange berre ser ein rustholk som bør hoggast eller søkkjast, har Andersen Slipp folk med kunnskap og omtanke for ein gamal slitar. Sjølv det mest nedkjørte vrak kan her få eit nytt liv. Med andre ord ei talande rame rundt ei gudteneste.



Frå bornas påskefest



Foto:
Rolf Vik

Olav J. Oma

Barnegospel deltok med vakker song i gudstenesta, søndag etter påske. Det gjorde sterkt inntrykk på kyrkjelyden når konfirmant Caroline Victoria Høgøy Nilsen vart døypt i same gudstenesta. Bilete av presten er frå preika, men det kan sjå ut som han kviler ut etter velgjort arbeid.



Foto: Silje Fyllingen



Foto:
Rolf Vik

Litt frå kyrkjelydspresten

Vi er tilbake i kyrkja med full musikk, for i slutten av mars blei det nye orgelet vigsla i ei høgtideleg gudsteneste. Vi har feira påske, konfirmasjon, grunnlova, reformasjon og pinse. Våren har vore ein samanhengande fest i Fitjar kyrkjelyd.

Du og eg fekk endå ein gong høyre den gode gamle påskebodskapen om at Jesus Kristus er den sterkast av alle. Han er ustoppelig. Jesus har vunne over djevelen og dauden, og vunne oss livet som trur på han.

Til vanleg tid andre helga i mai, blei årets konfirmantkull konfirmert. Før påske var vi på konfirmantleir i Etne. Konfirmantane fekk mykje god og bibelsk undervisning på leiren, samtidig som det var satt av god tid til andre ting.

Veke 21 var barneveke i kyrkja i samband med at det er 500 år sidan reformasjonen, og også Fitjar kyrkje sitt 150 års jubileum seinare i år. På måndagen var alle barnehagane i kommunen på besøk i kyrkja. Dagane etter var det skuleelevane sin tur å få koma, for å lære meir om kyrkja og reformasjonen. Elevane fekk

fyrst sjå eit kort skodespel om Martin Luther og reformasjonen, for sidan å vere med på ei vandring i kyrkja og på gravplassen. Ingen fest utan pølse i brød. Barnehagebarn og skuleelevar fekk pølse i brød som avslutning på besøkje.

Samarbeidsplanen mellom kyrkje og skule er opp og går igjen. Silje kyrkjelydspedagog har i vår teke kursa «Vandring igjennom Bibelen» som er tilpassa skulen og «Bibelreisen» som er tilpassa kyrkjelyden. I vår har Silje hatt «Vandring gjennom Bibelen» med 5. klassane på Rimbareid skule og 5.-7. klasse på Selevik skule. Eg har hatt «Omvising i kyrkja» med alle 4. klassane i kommunen og 3. klassane i Øvrebyda skule og Selevik skule, og eg har vore på Øvrebygda skule og undervist 7. klassane frå Øvrebygda og Selevik om «Sorg, død og gravferd». Vi har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføra dette med alle, men nå er vi godt i gong.



Allsong i Moahagen

Laurdag den 17. juni kl. 18.00 satsar me på godt vêr og arrangerer «Allsong i Moahagen». Det er innsamlingskomiteen for det nye kyrkjeorgelet som inviterer. Me satsar på minst like mykje folk og like god stemning som under allsongen i fjor. Føremålet er først og fremst å laga ein triveleg sommarkveld med ei rekkje fine songar som folk kan få vera med å syngja, saman med lokale musikarar og forsongarar. Gutane frå Neserevyn vil og vera med og det vert råd å få kjøpa mat under arrangementet.

Inntektene frå arrangementet vil gå til å fullfinansiera det flotte orgelet som er komme på plass i kyrkja. Folket og næringslivet i Fitjar har til no støtta orgelet med den utrulege summen på kr. 1,1 mill., noko som eigentleg er meir enn målsetjinga. Grunna svak kronekurs har me hatt valutatap. Det gjer at me likevel treng ca. kr. 100.000,- til for å komma i mål.



Foto: Jan Overweg

Sjå etter plakatar og annonser når dagen nærmar seg og ta heile familien med til ein triveleg sommarkveld i Moahagen.



Friluftsgudsteneste



Foto: Torbjørn Hovland

Olav J. Oma

2. pinsedag ved Kidnavatnet. Det var litt kjøleg i veret, men god stemning i bakken under gudstenesta, og kyrkjelyden fekk ein glimt av sola då vi song:

I all sin glans nu stråler solen,
livslyset over nådestolen,
nu er det pinselilje-tid,
nu har vi sommer lys og blid,
nu spår oss mer enn englerøst
i Jesu navn en gyllen høst!



nydeleg. Naboane våre kjem til meg for at eg skal be for dei. Det er to menn der som seier til konene sine når dei har problem: Gå og snakk med Ami, ikkje gå til nokon andre. Når dei er sjuke eller har ekteskapsproblem kjem dei og ber om forbøn. ”

Ami er fulanar og er med i ein liten kyrkje-

lyd i Mali. Fulanifolket er nomadar med ein sterk muslimsk tradisjon og berre omkring eit par hundre av ca 3 millionar fulani i Mali er kristne. Det er utfordrande å stå for ei gudstru annleis enn fleirtalet, men det syner seg gong på gong at mange tek til å tru på Jesus når nokon vågar å fortelja. Vår forbøn og våre gåver inspirer dei til å fortsetja å dela trua si, i eit område med svært få kristne.

Så langt (pr 01.06.17) har Fitjar kyrkjelyd samla inn kr 43 097,- til misjonsprosjektet. Neste offer til prosjektet vert 1. pinsedag.

Under gudstenesta søndag 17. september vert det markering av signeringa av misjonsavtalen med Det norske misjonsselskap (NMS). Torstein Fosse frå NMS vert med under gudstenesta og det vert høve til å gje ei gåve til misjonsarbeidet i Mali.

Helga Rimmereid

”Det tok lang tid før eg tok imot Jesus. Eg visste lenge at han kalla på meg. Eg såg han i draumane mine. Ein høgreist mann med fulanihatt stod framfor meg. Han hadde ei sterk utstråling. Det lyste frå han og eg forstod at han var meir enn ein fulani. I draumen forstod eg at det var Jesus. Han strekte hendene sine mot meg og sa namnet mitt: Ami, kom til meg. Etter ei stund drøymde eg same draumen ein tong til. Og så, etter endå ei stund, drøymde eg det igjen for tredje gong. Den same mannen, med dei same kleda og den same sterke utstrålinga. For tredje gong strekte han fram hendene sine mot meg og sa: Ami, kom til meg! Då eg vakna denne gonge forstod eg at det var meir enn ein draum. Det var Jesus som kom til meg medan eg sov. Då oppsøkte eg nokre kristne mis-

jonærar og dei synte med korleis eg kunne ta imot Han. Det var draumen som drog meg til Jesus.

Eg vaks opp med gode besteforeldre som ville gje meg det eg ønska meg i livet. Først var eg redd for å fortelja dei at eg trudde på Jesus. Men ryktet hadde spreidd seg, andre hadde fortalt dei at eg var blitt heidning. Heidning er eit skjellsord som vert brukt om dei som ikkje fylgjer islam. Alle slektningane mine og mannen min sine slektningar ynskjer no å fylgja Jesus. Dei seier: Du har jo ein hjelper i trua, familien og dagleglivet.

Eg brukte å laga mat til naboar og vener i landsbyen. Maten min var veldig populær. Etter at eg vart kristen ville ikkje naboane eta det eg hadde laga. Dei sa at det var heidningemat. Heldigvis har det endra seg. No et dei og synes det smakar

Program for bedehusa

FITJAR BEDEHUS

21.06.	19.30	Nattverdsmøte
24.06.	15.00	Jonsokbasaren, NMS
25.06.	19.30	Søndagsmøte
02.07.	19.30	Søndagsmøte
09.07.	19.30	Søndagsmøte
16.07.	19.30	Søndagsmøte
23.07.	19.30	Søndagsmøte
30.07.	19.30	Søndagsmøte

Sjå òg www.fitjar-bedehus.no

Fasteaksjonen

Tysdag 4. april blei Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gjennomført i Fitjar sokn. Konfirmantane i soknet gjekk med bøsse for å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda.

Det kom inn kr 43.555,-

Vi er godt nøgde med resultatet.

TAKK FOR LANDET

Halldis Reigstad

Vi takkar deg, Herre, for landet du gav oss,
for heimane våre, for framtid og fred.

Vi takkar for alle dei lysa du tende,
for sola som aldri går ned.

Vi takkar for liljekonvallar og kvitveis,
for engkarseenga med løvetann i.

Vi takkar for livet, for alt det som lever,
for fridom til æveleg tid.

Vi takkar for graset som voggar i vinden,
for regnet som væter og varmar vår jord.

Vi takkar for krossen i flagget vårt, Herre,
for alle som gav oss ditt ord.

Vi takkar for våren sin song over landet,
for grønklede lier, og snødekte fjell.

Vi takkar for vona som aldri skal visna,
for lys når vår dag går mot kveld.

Vi takkar for borna, for Noreg si framtid,
for unge som går der du viser dei veg.

Vi takkar deg, Herre, for landet du gav oss,
vi takkar og lovprisar deg.

Jonsokbasaren!

I år vert basaren laurdag 24. juni kl. 15:00

Song og andakt ved Håkon C. Hartvedt
Kaffistund

Intekta går som vanleg til
Det Norske Misjonsselskap

Hjarteleg velkomne!

Hjarteleg takk!

Diakoninemnda vil hermed takka for pengegåvane
frå Engesund fiskeoppdrett og Fitjar kraftlag
til diakoninemnda sitt arbeid.

Diakoninemnda i Fitjar sokn



Temakvelder i Fitjar kyrkje 2017



27. april kl. 19.30

Sylfest Lomheim

Kyrkjepreik. Høgjal eller kvardag?



13. oktober kl. 21.00

Konsert med
Skruk



10. august kl. 19.30

Konsert med Sigrid
Moldestad

Fitjarfestivalen i samarbeid
med temakveldgruppa



26. oktober kl. 19.30

Johanne Ø. Tvedten,
Ole Jørgen Furdal og
Fred Olå Bjørnstad

"Misjonsliv"



31. august kl. 19.30

Oskar Stein
Bjørlykke

"Sjermeskot og
månneglint"



30. november
kl. 19.30

Ingvard
Wilhelmsen,
Rhoda Achieng
og Irene Simonsen

"Vi står sterkast når vi står
alone. Om nåde og
selvbidde"



28. sept. kl. 19.30

Geir Gundersen

"Om å bera symptoma sine
med verdigheit"



arr.: temakveldgruppa/
soknerådet



EL-PROFFEN

www.los-elektro.no
firmapost@los-elektro.no
53 42 21 00



Tlf: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80
Internett: www.mestervindu.no

III GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09
www.rydland.as post@rydland.as



- Rydland 53 49 74 40

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER:
Man,tirs,fre..... 9-16
Ons,tors..... 9-18
Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90

Fiks frisuren
hos oss!

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123



GRONAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
919 11 800

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
975 02381



Mobilnr: 951 89950



Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



Fitjar
Bygdekvinne

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00
53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>

SPAR



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernens Båtbyggeri AS, Kalvøi 27, 5410 Fitjar
Telefon: 51 49 90 90, baatbyggeri@kvernensbaat.no



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



Fitjar
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro
og catering



48 04 19 09



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Mekonomen Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI
SHIP DESIGN

Fitjarveien 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimliashipdesign.com



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555



Syng med oss !

OSTERNES MANNSKOR

*Galleri
Flora as*

Opplagsstider:
Måndag - onsdag 09.00 - 16.30
Torsdag - fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 15.00

Midt i Lørsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner

Slekters gang

Døpte:

23.04.

Caroline Victoria Høgøy Nilsen
Adrian Bod Fykse

07.05.

Oline Henriksen

21.05.

Olai Aarskog

04.06.

Anne-Helen Mjønes Grønås
Sofie Traa Alsaker

Jordfeste:

Odd Andreas Stokken

f: 10.03.1924 d: 05.04.2017

Oddvar Kristoffer Hatlevik

f: 04.04.1939 d: 16.03.2017

Jubileumsboka

Kan kjøpast hos Thea Træet

Pris: kr 400,-



Gudstenestefliste

Søn. 18.06.	11:00	2 sit: gudsteneste ved soknepret Olav Johannes Oma, takkoffer NLM
Søn. 25.06.	11:00	3 sit: gudsteneste ved soknepret Olav Johannes Oma, takkoffer Indremisjonssamskipna- den
Søn. 02.07.	11:00	4 sit: gudsteneste gudsteneste ved soknepret Olav Johannes Oma, takkoffer Kyrkjelyd- sprest
Søn. 09.07.	11:00	5 sit: gudsteneste ved soknepret Olav Johannes Oma, takkoffer Kyrkjelydsarbeid
Søn. 16.07.	11:00	Aposteldagen: gudsteneste ved soknepret Olav Johannes Oma, takkoffer Kirkens bymisjon Stord
Søn. 23.07.	11:00	7 sit: gudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer Kirkens SOS
Søn. 30.07.	11:00	8 sit: gudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer Normisjon
Søn. 06.08.	11:00	9 sit: gudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer Evangeliesentrene
Søn. 13.08.	11:00	10 sit: Fitjarfestivalen, familiegudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer kyrkjelydsarbeid
Søn. 20.08.	11:00	11 sit: gudsteneste ved soknepret Olav J. Oma, takkoffer Kyrkjelydsprest
Søn. 27.08	11:00	Søndagsskulens dag, familiegudsteneste ved vikar, takkoffer Søndagsskulane på Fitjar
Søn. 03.09.	12:00	13 sit: gudsteneste ved soknepret Olav Johannes Oma, takkoffer Det teologiske menighetsfakultetet
Søn. 10.09.	11:00	Vingårdssøndag: Presentasjonsgudsteneste ved prestane, takkoffer kyrkjelydsarbeid
Søn. 17.09.	11:00	15 sit: gudsteneste med misjonsprosjekt, Torstein Fosse predikant og soknepret Olav J. Oma, takkoffer NMS – Misjonsprosjektet

sit: = søndag i treeinigtida